



# 3 DAGERS RUNDTUR PÅ FJELLSKI BESSHEIM-GLITTERHEIM- MEMURUBU

Både Memurubu, Glitterheim og Bessheim er tradisjonsrike hytter i Jotunheimen. I over 100 år har vertskapsfamiliane i generasjon etter generasjon teke imot fjellvandrarar både sommar og vinter. Her sit tradisjonar og opplevelingar frå både vertskap og gjestar i veggane. Kom og opplev atmosfæren på hyttene og den flotte naturen. Vi gjer vårt beste for å ta imot fjellvandrarar med god mat, trivelig atmosfære og gode historier.

**På fjellski etter kvista  
løyper i hjertet av  
Jotunheimen**

**Rundtur Bessheim-  
Glitterheim-Memurubu**

**Norges flotteste merka  
rute?**

**Tilbodet gjeld:  
3 overnattinger  
god mat  
hyttehygge**

## Booking/pris

Prisen er kr. 4500,- per person. Da får du overnatting 2-mannsrom (Bessheim og Memurubu) 4-6-mannsrom (Glitterheim), sengetøy, handkle, trerettars middag, frokost og niste/termos på kvar turisthytte. Fri parkering inkludert i pakken.

Tilbudet gjelder fra 27.mars til 21.april

Bestill: send epost til  
[post@bessheim.no](mailto:post@bessheim.no),  
[post@memurubu.no](mailto:post@memurubu.no) eller  
[glitterheim@dnt.no](mailto:glitterheim@dnt.no)

## **Bessheim fjellstue 967 moh**

## **Glitterheim turisthytte 1386 moh**

## **Memurubu turisthytte 1008 moh**

**Pakkeliste for vinterturen i  
fjellet - DNT**  
<https://www.dnt.no/turtips/turvett/artikler/pakkeliste-for-vinterturen/>

**Vintermerking og kvisting i  
fjellet**  
<https://www.dnt.no/turtips/turvett/artikler/vintermerking-og-kvisting/>

### **Dag 1. Ankomst og middag Bessheim Fjellstue om kvelden.**

### **Dag 2. Bessheim - Glitterheim.**

Følg kvista rute til Bessvatnet, 1389 moh og ned på Russvatnet 1175 moh. Gå isen vestover, opp aust for Blåtjønnåe og over fjellryggen mellom Vestre og Austre Hestlægerhøe. Denne fjellryggen er høgaste punktet denne dagen, 1685 moh. Turen går vidare ned i Veodalen og til Glitterheim. 20 km.

### **Dag 3. Glitterheim-Memurubu.**

Følg kvista rute over til Blåtjønnholet. Gå vestover og følg kvista rute til Styggehøbrean. Du kjem inn nedst på breen og går oppover til Styggehøbreskardet som er høgaste punktet på turen, 2100 moh. Frå her følgjer du Memurudalen heilt ned til Memurubu. Dette er den høgaste kvista løypa i Norge. Krevjande tur. 27 km.

Alternativt kan du følgje Russvatnet, opp det nedre Russglopet og bratt ned til Memurubu. Ikkje kvista. Men gjer turen lettare.

### **Dag 4. Memurubu-Bessheim.**

Følg kvista rute på fjellvatnet Gjende. Når du kjem til Gjendeosen kan du følgje oppkjørt skiløype over Gjendeshalsen til Bessheim. Høgaste punkt 1105 moh. 13 km

### **Kjørerute**

Fram til 1. april er fylkesveg 51 Valdresflye stengt mellom Beitostølen og Maurvangen. I perioden frå Valdresflye opnar 31. mars og fram til 17. mai, er denne strekningen nattestengt mellom 20.00 og 08.00. Vi har veg heile året, heile døgnet frå nord. Da kjører du om Vågå eller Heidal. Frå E6 på Sjoa er det 62 km til Bessheim. I Randsverk kjem du inn på fylkesveg 51, og i krysset tek du til venstre.



FJELLSTUE & HYTTER

**Glitterheim**  
DNT Oslo og Omegn

